Storinnflytting i Øvre Halsabråtet. 19.05.2016

Dei som har flytta inn her, kan verkeleg nyta utsikten.

Første byggesteget i Øvre Halsabråtet byggefelt har gått glatt unna. Frå første dagane i mai og fram til no har det vore stor aktivitet når det gjeld innflytting. No er det folk i alle bustadeiningane med unnatak av den eine leiligheten i tomannsbustaden. Den er klar om 14 dagar, er ikkje selt enno, men det er interesse for den.

Erlend Bjørnebøle er svært fornøgd med det som har skjedd til no. No er det folk i 4 nye einebustader samt eine leiligheten i tomannsbustaden. I tillegg er huset som Inger Elise Helgeland eigde tidlegare, også for lengst selt. Det er også fleire som har vist interesse for den siste leiligheten som er klar om 14 dagar, men den er ikkje seld.
- Hvis vi får selt den siste leiligheten og no så er jo dette heilt supert, seier Erlend Bjørnebøle førnøgd om framdrifta, men det er ikkje slutt med dette.

Reguleringsplanen inneheld 13 einebustader og 10 tomannsbustader som kjem i komande byggjesteg. Rett nok kjem dei til å venta litt.

Uskedalen.no snakka litt med ein av dei nye huseigarane. Denne var naturleg nok svært fornøgd, men så har dei jammen sikra seg eigedommar med ein formidabel, ja usedvanleg vakker utsikt!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland